

HANDLINGSPLAN 2019

Hovudaktiviteten vår i 2019 blir å få moldovske styresmakter til å ta større ansvar for synshelsa i landet. Vi vil arbeide med å utvikle synssenteret og følge opp optometriutdanninga ved det medisinske universitetet i Chisinau.

Prosjekt syn og optometri: Det er viktig at avtalen vi har signert med moldovske myndigheiter får god effekt. Vi må informere ulike profesjonar slik at dei får kjennskap til at det finst mange moglegheiter for dei med synshemming. **Laserane** som vi har levert blir brukt meir no, og **vi må ha fokus på denne behandlinga for å unngå unødig blindheit. Dei siste offisielle tala på diabetes i Moldova er meir enn 90 000 personar, i tillegg er det store mørketal. Halvparten av desse vert blinde utan behandling.**

Det blir fleire møte med moldovske styresmakter, spesielt helseministeriet. Vi må koma så langt råd er med å få moldovarane til å ta ansvar for nasjonal augehelse. Tilskot og betaling for våre tenester og hjelpemiddel frå medisinsk forsikring er eit viktig steg på vegen.

Vi har no tre augelegar, ein sjukepleiar og ein rekneskapsmedarbeidar tilsett ved senteret. Saman skal vi formidle kompetanse, gjere utgreiingar og behandle synshemma, og tilbodet skal vere for alle synshemma i Moldova. Senteret skal framleis ha ambulant teneste. Ivaretaking av våre tilsette ved senteret har høg prioritet.

Dr. Jan Askvik kjem også i 2019 til å halda fram arbeidet med å undervisa og rettleia moldovske kollegaer.

I samarbeid med Høgskolen i Sørøst-Norge starta vi hausten 2017 ei 4-årig utdanning i optometri ved medisinsk universitet i Chisinau. På studiet er det no **10 førsteårs studentar og 19 andreårs studentar. Synssenteret og Hjelp Moldova er ein viktig partner i utdanninga.** Det er viktig at dette blir følgt godt opp.

Også i 2019 skal norske optometristudentar på tre månaders utveksling i Moldova. Optometri er viktig for primær-augehelsetenesta. Det skal vera lett å få ei synsundersøking.

Samarbeid med fengselsdirektoratet i Moldova: Vi vil halde fram med synsundersøkingar av innsette i nokre av fengsla også i 2019, m.a. som praksisarbeid for studentane.

Barneheim nr. 74 og nr. 135: Vi planlegg å følgja opp barneheimane og fortsetje med synsutgreiing av borna i barnehagane.

Julegåvefamiliane: Familiane som får støtte frå prosjektet vil bli følgd opp gjennom året, og truleg vil nye familiar koma til.

«Mor og barn-sjukehuset»: Saman med dei fire **vidaregåande skulane** har vi pussa opp eit av behandlingsromma på sjukehuset og **planlegg å følgja opp sjukehuset også i 2019.**

Økonomi: Styret vil arbeide for å skaffe midlar, både økonomisk og diverse utstyr og hjelpemiddel. Dette blir ekstra viktig i tida som kjem no når støtta frå norske myndigheiter har opphøyr. Vi må heile tida ta vare på våre gode støttespelarar og arbeide for å få nye og gode samarbeidspartnarar.

Dei faste gjevarane er svært viktige for drifta vår. Fadderordninga går til synssenteret slik at fleire kan få briller og andre synshjelpemiddel og slik at vi kan sikre drifta og ta hand om våre tilsette ved senteret.

Det er planlagt ein trailer til Moldova i løpet av 2019.

I 2019 vil Hans Bjørn vere tilsett i organisasjonen i ei deltidstilling.